



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1825 - 14/16483

Saksbehandlar:

Arnold Matre

Arnold.Matre@lindas.kommune.no

Dato:

04.07.2014

## OVERSENDING AV VEDTAK TIL ENDELEG HANDSAMING/KLAGE PÅ VEDTAK OM AVVISNING AV KLAGE – GBNR 214/64 FYLLINGSNES I LINDÅS KOMMUNE

### Bakgrunn:

Oppstart av arbeid med arealdelen til kommuneplan for Lindås kommune 2011-2023, ble kunngjort 15. november 2008. Framlegg til revidert plan låg ute til 1. gongs høyring i perioden 7. januar 2011 – 4. mars 2011 og 2. gangs høyring i perioden 8. juni 2011 – 20. juli 2011. Det var da anledning for alle partar og interesserte å komme med merknadar og innspel til planarbeidet.

Arealdelen til kommuneplanen ble vedtatt av kommunestyret den 22. september 2011.

I planen er deler av eigedommen gbnr. 214/64 satt av til LNF-område.

I brev av 21. februar 2014 setter klager frem krav om at Lindås kommune omregulerer angjeldende deler av eigedommen tilbake til bustadføremål.

Kommunen tilbakemeldte i brev av 7. mars 2014, at det ikkje er aktuelt for kommunen å vurdere endring i arealdelen før revisjon av kommuneplanen i 2016, jf. kommunens vedtekne planstrategi. Det ble vidare informert om klagers adgang til å søke oppstart av privat reguleringsplanarbeid.

Kommunen sin beslutning vert påklaga i brev av 7. mars 2014, mottatt ved Lindås kommune den 21. mars 2014.

I vedtak av 7. mai 2014 avviste Lindås kommune klagen. Gjennom sin prosessfullmektig klaga Fyllingsnes vedtaket inn for Fylkesmannen i Hordaland i klageskriv dagsett 27. mai 2014.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



### **Vurdering:**

Saka gjeld klage over kommunens vedtak om å avvise klaga. Det sentrale, og einaste, spørsmålet er om det føreligg klageadgang eller ikkje.

Kommunen har vurdert spørsmålet grundig allereie i vedtaket som er påklaga og vi kan ikkje sjå at det har kome inn moment i klagen som tilseier ei anna vurdering av spørsmålet.

Kommunen registrerer at det rettsleg grunnlag for avvisinga i vårt vedtak 7. mai 2014 er falt ut ved en inkurie. Dette rettast i det følgjande. Vedtak av 7. mai 2014 om avvising er heimla i forvaltningsloven paragraf 33 anna ledd.

Lindås kommune sitt vedtak av 7. mai 2014, om å avvise klagemotparts klage av 19. mars 2014 med heimel i forvaltningsloven paragraf 33 anna ledd, vert etter dette oppretthaldt og klagen vert oversendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Med helsing

Arnold Matre  
Plan- og utviklingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Formalia - vedk klage til Fylkesmannen - GBNR 214/64 Fyllingsnes - endring frå LNF til bustadføremål

Avvisning av klage i høve gbnr 214/64 Fyllingsnes i Lindås kommune. Melding om vedtak.

Svar på førespurnad - Gbnr 214/64 Litlevågsbrotet 9, 5913, Eikangervåg

Gbnr 21416.

Klage til fylkesmannen - GBNR 214/64 Fyllingsnes - endring frå LNF til bustadføremål

Svar på spørsmål om omregulering i høve gbnr 214/64

Spørsmål om omregulering i høve Litlevågsvegen 9, 5913 EIKANGERVÅG. Gbnr 214/64

VS G nr 214, b nr 64 Litlevågsbrotet 9, 5913, Eikangervåg

2014 02 21 vedlegg brev

Vedk omregulering av eigedom - gbnr 214/64 Fyllingsnes

Vedlegg

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN